



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 876 795 442
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: TUSSA ENERGI AS
Forretningsadresse: Langemyra 6
6160 HOVDEBYGDA

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2021 - 31.12.2021

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Elling Andreas Dybdal
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 15.06.2022

Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 02.08.2023



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Energisal	7, 20	256 841 353	148 309 499
Anna driftsinntekt	7	12 008 442	9 660 777
Sum inntekter		268 849 795	157 970 276
Kostnader			
Varekostnad	8	3 395 604	4 631 837
Energikjøp og overføringskostnad		70 504 815	44 888 896
Lønskostnad	4, 5, 6, 7	19 887 851	13 644 598
Avskrivning	2, 3	42 894 259	40 995 232
Nedskrivning av varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	2, 3		
Annan driftskostnad	4	63 319 228	55 129 335
Sum kostnader	7	200 001 757	159 289 898
Driftsresultat	7	68 848 038	-1 319 622
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekt frå føretak i same konsern		206 571	166 015
Anna finansinntekt	15	50 432 495	57 756 017
Sum finansinntekter		50 639 065	57 922 032
Rentekostnad til føretak i same konsern		8 365 332	6 655 888
Annan finanskostnad	15	36 682 992	76 209 126
Sum finanskostnader		45 048 324	82 865 014
Netto finans		5 590 741	-24 942 982
Ordinært resultat før skattekostnad		74 438 779	-26 262 604
Skattekostnad	16, 17	61 014 537	2 431 761
Ordinært resultat etter skattekostnad		13 424 242	-28 694 365
Årsresultat	18	13 424 242	-28 694 365
Årsresultat etter minoritetsinteresser		13 424 242	-28 694 365



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Totalresultat		13 424 242	-28 694 365
Overføringer og disponeringar			
Avsett til annan eigenkapital		13 424 242	-28 694 365
Sum overføringer og disponeringar		13 424 242	-28 694 365



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Vassdragsrettar, varemerke, m.m.	3	12 167 700	7 892 117
Utsett skattefordel	16, 17	15 011 487	13 821 895
Sum immaterielle egedelar	3	27 179 187	21 714 012
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	2	112 895 015	112 220 142
Kraftproduksjonsanlegg	2	725 062 281	747 254 919
Nettanlegg	2		
Anlegg under arbeid	2	11 460 454	9 408 477
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr	2	6 205 713	5 518 881
Sum varige driftsmiddel	2, 12	855 623 463	874 402 419
Finansielle anleggsmiddel			
Andre langsiktige krav	10	15 955 648	13 157 878
Pensjonsmidlar	6	1 051 072	818 963
Sum finansielle anleggsmiddel		17 006 721	13 976 841
Sum anleggsmiddel		899 809 370	910 093 272
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum varer	8	350 000	200 000
Krav			
Kundekrav	9, 13, 14	3 541 262	1 190 840
Opptent, ikkje fakturert inntekt		719 319	469 013
Andre kortsiktige krav	10, 14	6 175 149	16 060 245
Sum krav	10, 13, 14	10 435 730	17 720 098
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande	11	19 281 195	6 029 784



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Sum bankinnskott, kontantar og liknande		19 281 195	6 029 784
Sum omløpsmiddel		30 066 925	23 949 882
SUM EIGEDLAR		929 876 296	934 043 154
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	19	294 404 000	294 404 000
Sum innskoten eigenkapital		294 404 000	294 404 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		86 476 621	76 952 379
Sum opptent eigenkapital		86 476 621	76 952 379
Sum eigenkapital	18	380 880 621	371 356 379
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsplikter		230 331	163 461
Andre avsetjingar for plikter	20	6 230 728	11 114 123
Sum avsetjingar for plikter		6 461 059	11 277 584
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	10, 20	199 776 000	209 406 000
Gjeld til føretak i same konsern	10	200 000 000	200 000 000
Anna langsiktig gjeld	10, 13, 14		
Sum anna langsiktig gjeld		399 776 000	409 406 000
Sum langsiktig gjeld		406 237 059	420 683 585
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	13, 14	11 675 233	13 463 289
Betalbar skatt	16, 17	55 741 005	12 186 484
Skyldige offentlege avgifter		18 183 881	1 717 850




Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Gjeld til føretak i same konsern	11	49 009 400	106 569 826
Anna kortsiktig gjeld	13, 14	8 149 096	8 065 741
Sum kortsiktig gjeld	13, 14	142 758 615	142 003 190
Sum gjeld		548 995 675	562 686 775
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		929 876 296	934 043 154



Årsrekneskap 2021 Tussa Energi AS

Årsmelding
Resultatrekneskap
Balanse
Kontantstrøm
Notar



Org.nr.: 876 795 442

ÅRSMELDING FRÅ STYRET I TUSSA ENERGI AS 2021

VERKSEMD OG LOKALISERING

Tussa Energi AS er eit dotterselskap i Tussakonsernet, heileigd av morselskapet Tussa Kraft AS. Tussa Energi AS planlegg, bygg ut og driftar kraftverk, samt kjøper og sel kraft i engros- og regulerkraftmarknaden. Tussa Energi AS eig eitt biovarmeverk og 21 vasskraftverk som er lokaliserte i kommunane Ørsta, Volda, Hareid, Ulstein og Vanylven. Tussa Energi AS har forretningskontor i Ørsta.

VIDARE DRIFT

I samsvar med rekneskapslova § 3-3a stadfestar styret at føresetnaden om vidare drift er til stades, og at denne føresetnaden er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

RAMMEVILKÅR FORNYBAR ENERGI

Elektrisitet som energiberar er sentral i framtida sitt energisystem, og vasskraft som energikjelde er framleis den mest konkurransedyktige i alle fall i Noreg. Tussa med sine vasskraftverk er godt posisjonert for denne framtida.

STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

Det har vore gode stimulansar til å investere i ny produksjon dei seinaste åra. Mykje av den nye produksjonen har kome i den nordlege delen av Skandinavia og spesielt i Nord-Sverige, og det har gitt kraftoverskot.

Vidare har det vore utbygd samband mot kontinentet og Storbritannia frå Sør-Skandinavia og spesielt frå Sør-Noreg. Dette saman med historisk høge prisar på fossilt brensel som kol og gass samt karbonkvoter har ført til svært store prisskilnader mellom sør og nord i Skandinavia. Dessverre ser det ut til at periodar med normalt eller meir med vind og nedbør, vil gje eit så stort overskot av kraft i nord at det ikkje er kapasitet til å frakte det sørover. Det må difor forventast at dei store prisskilnadene vil halde fram i normalår inntil det er auka kapasitet mellom nord og sør, at forbruket i nord er auka, produksjonen i sør er auka, prisane på fossile brensel har vorte redusert eller kombinasjonar av desse faktorane.

Med det som er kjent vil det i Noreg vere kapasitetsutfordringar i alle fall fram til 2025. Då er det forventa at spenningsoppgraderinga av linja mellom Sogndal og Aurland blir sett i drift.

KRAFTPRISEN DEI KOMANDE ÅRA

Framtidsmarknaden for transparente kraftprisar på Nasdaq har brote saman og har i dag så låg tillit at det ikkje er ein referanse å leggje vekt på. Vi må difor sjå kva renommerte analysemiljø forventar. Volue forventar at prisskilnaden mellom regionen vår og resten av Sør-Noreg vil vere rundt 60 øre/kWh i 2022, verte redusert til om lag 10 øre/kWh i 2026 og er utbalansert i 2030. Prisane i vårt område er forventa å verte rundt 22 øre/kWh i 2022 stigande til om lag 50 øre/kWh i 2026. Desse forventningane var presenterte før krigen i Ukraina starta. Uvisse om prisdifferansar og prisnivå er etter krigsutbrotet langt større, og kanskje i ei retning mot endå større regionale prisskilnader.

Med overoppfylling av den svensk-norske elsertifikatmarknaden, er det venta at sertifikatprisane vil halde seg låge framover

NÆRARE OPPLYSNINGAR OM ÅRSREKNESKAPEN

Etter styret si oppfatning gjev den framlagde resultatrekneskapen og balansen eit rettvisst bilete av verksemda si økonomiske drift og stilling ved årsskiftet.

Samla driftsinntekter for Tussa Energi AS vart 268,8 mill. kr i 2021 mot 158,0 mill. kr i 2020. Driftsresultatet vart 68,8 mill. kr i 2021 mot -1,3 mill. kr i 2020, og resultatet før skatt vart 74,4 mill. kr i 2021 mot -26,3 mill. kr i 2020. Skattekostnaden vart 61,0 mill. kr, som svarar til 82 % av resultatet før skatt. Det gir eit årsresultat på 13,4 mill. kr for 2021 mot -28,7 mill. kr for 2020.

Samla kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar i selskapet var på 120,6 mill. kr i 2021 mot -65,0 mill. kr i 2020. Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar utgjorde 28,2 mill. kr i 2021 mot 65,7 mill. kr i 2020. Selskapet er organisert som eit aksjeselskap med ein aksjekapital på 294,4 mill. kr. Samla eigenkapital var



380,9 mill. kr pr. 31.12.2021 mot 371,4 mill. kr pr. 31.12.2020. Gjelda i selskapet utgjorde 549,0 mill. kr ved utgangen av 2021 mot 562,7 mill. kr pr. 31.12.2020. Det gir ein total kapital ved utgangen av året på 929,9 mill. kr, samanlikna med 934,0 mill. kr året før. Eigenkapitaldelen pr. 31.12.2021 er 41,0 % samanlikna med 39,8 % pr. 31.12.2020.

Det vart investert i varige driftsmidlar for -28,4 mill. kr i 2021.

PRODUKSJON

I 2021 vart det produsert 561 GWh mot 747 GWh i 2020. Normalproduksjonen er vurdert å vere 655 GWh/år. Gjennomsnittleg spotpris i NO3 (Midt-Noreg) var 42 øre/kWh i 2021 mot 10 øre/kWh i 2020. Tussa Energi AS har dei siste åra hatt høg oppetid og lite driftsavbrot som følgje av feil i egne anlegg. Dette gjeld også for 2021.

FINANSIELL RISIKO

Produksjonen kan variere frå år til år og selskapet er eksponert for endringar i kraftprisen. Dette kan gi store utslag på resultatet frå år til år. Selskapet har hatt ein risikostategi i høve til marknadssituasjonen, der ein skal prøve å oppnå høgast mogleg inntening frå produksjonen sett i høve til selskapet sine risikorammer. Sikringsstrategien innebar at mellom 25 % og 30 % av normalproduksjonen skulle vere sikra ved inngangen til leveringsåret. Sikringsporteføljen skulle vere bygd opp gjennom året før leveringsåret. Som beskrive over er det per i dag ingen reelle sikringsinstrument i marknaden, og selskapet har difor inntil vidare stoppa prissikringa.

Selskapet sin kraftproduksjon vert seld gjennom Nord Pool i prisområde NO3. Kraftprisen vert fastsett i EURO, men selskapet har valt NOK som oppgjersvaluta. Prisdanninga i den skandinaviske straummarknaden vert påverka av fleire valutaer, der EURO er ein av dei mest sentrale. Dette inneber at verdien av framtidig krafproduksjon vert påverka av framtidige valutakursar EURO/NOK. For å redusere verdiendringar i framtidig kraftproduksjon som skuldast endringar i valutakurs har selskapet delar av si finansiering i EURO.

Konsernet og dei einskilde dotterselskapa sin likviditet vert tilpassa og styrt gjennom aktiv bruk av fleirkontosystemet. Dotterselskapa låner pengar i fleirkontosystemet eller dei bidreg med midlar til systemet. Det er morselskapet sitt ansvar å sørge for at lånesaldoen mot banken ligg på eit fornuftig nivå og innanfor den kredittramma som er innvilga. Eksterne lån er som hovudregel teke opp i morselskapet Tussa Kraft AS. Ved utgangen av året hadde Tussa Energi AS ei langsiktig gjeld til morselskapet på 200 mill. kr, og ei gjeld til ekstern lånegjevar på 20 mill. euro.

For nærare omtale vert det vist til note 20 i rekneskapen.

ARBEIDSMILJØ, LIKESTILLING OG DISKRIMINERING

Arbeidsmiljøet i selskapet er godt, og det har ikkje vore nødvendig med ekstraordinære tiltak. I 2021 var sjukefråværet 3,7 % mot 3,4 % i 2020. Det har ikkje vore innrapportert uhell som har medført fråvær i 2021.

Konsernet utarbeider årleg ein HMS-rapport som detaljert rapporterer om arbeidsmiljøet i konsernet. Samarbeidet med dei tilsette sine organisasjonar har vore konstruktivt og bidrege positivt til drifta.

Av Tussa Energi AS sine 21 tilsette (20,8 årsverk) er det 1 kvinne. 2 av 3 styremedlemer er kvinner. Adm. dir. i Tussa Kraft AS er også adm. dir. i Tussa Energi AS og det har ikkje vore utbetalt løn og godtgjering frå Tussa Energi AS til han.

Tussa Energi AS har som utgangspunkt at personalpolitikken skal vere tilrettelagt slik at han stimulerer til ei aktiv likehandsaming. Retningslinene for tilsetjing skal fremje likestilling og lønssystemet er kjønnsnøytralt, og skal hindre ulik handsaming. I tillegg har Tussa lagt forholde godt til rette med fleksible arbeidstidsordningar og permisjonsvilkår. Dette gjer det mogleg både for kvinner og menn å kombinere jobb og familie på ein best mogleg måte.

Det er likevel ikkje til å kome forbi at energibransjen er sterkt dominert av menn både på fagarbeidar- og



ingeniørnivå. Det er også langt mellom dei kvinnelege søkerane til dei mest tradisjonelle energiverkverka.

Selskapet arbeider også aktivt for å forhindre diskriminering som følgje av nedsett funksjonsevne, etnisitet, nasjonalt opphav, hudfarge, religion eller livssyn. Aktivitetane omfattar mellom anna rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, stillingsopprykk, utviklingsmoglegheiter og vern mot trakassering.

MILJØRAPPORTERING

Vasskraft er ei rein og vedvarande energikjelde som er svært miljøvennleg i høve til utnytting av dei fleste andre energikjelder. Hovudinnsatsfaktoren i produksjonen er vatn, og produktet er elektrisk kraft som blir distribuert til selskapet sine kundar gjennom eit omfattande overførings- og distribusjonsnett. Likevel påverkar verksemda det ytre miljøet.

Vasskraftproduksjon medfører endra vassføring i regulerte elvar og varierende vassnivå i regulerte vatn. I høve konsesjonshandsaming av vasskraftprosjekt vil relevante ulemper og miljøpåverknader bli vurdert opp mot prosjektet sin nytteverdi. I høve konsesjon, vil det bli gitt vilkår som må følgjast i utbyggings- og driftsfasen. Tussa Energi legg vekt på å dempe miljøverknadene ved å utforme anlegg slik at dei skal gli godt inn i terrenget. I fleire regulerte vatn blir det gjennomført utsetjing av fiskeyngel, for å kompensere for eventuelle skadar.

Konsernet følgjer det lov- og regelverk som gjeld, og har i løpet av 2021 ikkje fått påtale eller brote konsesjonsvilkår.

FORSKINGS- OG UTVIKLINGSAKTIVITETAR

Selskapet har ikkje hatt forskings- og utviklingsaktivitetar i 2021.

STYREANSVARSFORSIKRING

Det er teikna styreansvarsforsikring med forsikringssum kr. 10.000.000,- pr. forsikringstilfelle og totalt i løpet av forsikringsperioden. Det er ingen eigenandel. Tidlegare, noverande eller framtidige styremedlemar, dagleg leiar og medlem av leiinga eller tilsvarende styreorgan i selskapet er å sjå på som sikra.

RESULTATDISPONERING

Styret sitt framlegg til disponering av årsresultatet er:

Disponering	Beløp
Årsresultat	13,4 mill. kr
Endring eigenkapital	13,4 mill. kr

Ørsta, 18.03.2022
Styret i Tussa Energi AS

Anne Berit Madsen
Styremedlem

Nina Melle Scharning
Styremedlem

Roar Stenersen
styremedlem

Elling Andreas Dybdal
dagleg leiar



RESULTATREKNESKAP

TUSSA ENERGI AS

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2021	2020
Energisal	7, 20	256 841 353	148 309 499
Anna driftsinntekt	7	12 008 442	9 660 777
Sum driftsinntekter		268 849 795	157 970 276
Varekostnad	8	3 395 604	4 631 837
Energikjøp og overføringskostnad		70 504 815	44 888 896
Lønskostnad	4, 5, 6, 7	19 887 851	13 644 598
Avskrivning	2, 3	42 894 259	40 995 232
Annan driftskostnad	4	63 319 228	55 129 335
Sum driftskostnader	7	200 001 757	159 289 898
Driftsresultat	7	68 848 038	-1 319 622
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Renteinntekt fra føretak i same konsern		206 571	166 015
Anna finansinntekt	15	50 432 495	57 756 017
Rentekostnad til føretak i same konsern		8 365 332	6 655 888
Annan finanskostnad	15	36 682 992	76 209 126
Resultat av finansposter		5 590 741	-24 942 982
Resultat før skattekostnad		74 438 779	-26 262 604
Skattekostnad	16, 17	61 014 537	2 431 761
Årsresultat	18	13 424 242	-28 694 365
OVERFØRING			
Avsett til annen egenkapital		13 424 242	-28 694 365
Sum overføringer		13 424 242	-28 694 365



BALANSE

TUSSA ENERGI AS

EIGEDELAR	Note	2021	2020
ANLEGGSMIDDEL			
IMMATERIELLE EIGEDELAR			
Vassdragsrettar, varemerke, m.m.	3	12 167 700	7 892 117
Utsett skattefordel	16, 17	15 011 487	13 821 895
Sum immaterielle egedelar	3	27 179 187	21 714 012
VARIGE DRIFTSMIDDEL			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	2	112 895 015	112 220 142
Kraftproduksjonsanlegg	2	725 062 281	747 254 919
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr	2	6 205 713	5 518 881
Anlegg under arbeid	2	11 460 454	9 408 477
Sum varige driftsmiddel	2, 12	855 623 463	874 402 419
FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL			
Andre langsiktige krav	10	15 955 648	13 157 878
Pensjonsmidlar	6	1 051 072	818 963
Sum finansielle anleggsmiddel		17 006 721	13 976 841
Sum anleggsmiddel		899 809 370	910 093 272
OMLØPSMIDDEL			
Varer	8	350 000	200 000
KRAV			
Kundekrav	9, 13, 14	3 541 262	1 190 840
Opptent, ikkje fakturert inntekt		719 319	469 013
Andre kortsiktige krav	10, 14	6 175 149	16 060 245
Sum krav	10, 13, 14	10 435 730	17 720 098
Bankinnskot, kontantar og liknande	11	19 281 195	6 029 784
Sum omløpsmiddel		30 066 925	23 949 882
Sum egedelar		929 876 296	934 043 154



BALANSE

TUSSA ENERGI AS

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2021	2020
INNSKOTEN EIGENKAPITAL			
Aksjekapital	19	294 404 000	294 404 000
Sum innskoten egenkapital		294 404 000	294 404 000
OPPTENT EIGENKAPITAL			
Annan egenkapital		86 476 621	76 952 379
Sum opptent egenkapital		86 476 621	76 952 379
Sum egenkapital	18	380 880 621	371 356 379
GJELD			
Pensjonsplikter		230 331	163 461
Andre avsetjinger for plikter	20	6 230 728	11 114 123
ANNA LANGSIKTIG GJELD			
Gjeld til kredittinstitusjonar	10, 20	199 776 000	209 406 000
Gjeld til føretak i same konsern	10	200 000 000	200 000 000
Sum anna langsiktig gjeld		399 776 000	409 406 000
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld	13, 14	11 675 233	13 463 289
Betalbar skatt	16, 17	55 741 005	12 186 484
Skyldige offentlege avgifter		18 183 881	1 717 850
Gjeld til føretak i same konsern	11	49 009 400	106 569 826
Anna kortsiktig gjeld	13, 14	8 149 096	8 065 741
Sum kortsiktig gjeld	13, 14	142 758 615	142 003 190
Sum gjeld		548 995 675	562 686 775
Sum egenkapital og gjeld		929 876 296	934 043 154

Ørsta, 18.03.2022
Styret i Tussa Energi AS

Anne Berit Madsen
Styremedlem

Nina Melle Scharning
Styremedlem

Roar Stenersen
styremedlem

Elling Andreas Dybdal
dagleg leiar



INDIREKTE KONTANTSTRAUM

TUSSA ENERGI AS

	Note	2021	2020
KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR			
Resultat før skattekostnad		74 438 779	-26 262 604
Betalt skatt i perioden	16, 17	12 186 484	59 010 896
Tap/vinst ved sal av anleggsmiddel		-150 000	0
Ordinære avskrivningar	2, 3, 4	42 894 259	40 995 232
Endring i varelager	8	-150 000	155 000
Endring i kundefordringar	9, 13	-2 600 728	234 377
Endring i leverandørgjeld	13	-1 788 057	-6 771 114
Forskj. kostnadsført og betalt pensjon		-165 240	382 214
Endring i andre tidsavgrensingspostar	10, 13	20 275 227	-14 675 392
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar		120 567 757	-64 953 183
KONTANTSTRAUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR			
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar		150 000	0
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	2	-28 390 886	-65 650 336
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar		-28 240 886	-65 650 336
KONTANTSTRAUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR			
Verdiendring finansielle instrument		-14 513 395	18 492 028
+/- Netto endring i konsernmellomværande	11, 13	-64 562 065	128 289 235
Utbetalningar av konsernbidrag	13	0	-20 000 000
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar		-79 075 460	126 781 263
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar		13 251 411	-3 822 256
Kontantar og bankinnskot ved byrjinga av perioden		6 029 784	9 852 041
Kontantar og bankinnskot ved slutten av perioden		19 281 195	6 029 784



NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk.

KONSOLIDERING

Tussa Energi AS er eit 100 % eigd dotterselskap av Tussa Kraft AS, som har forretningskontor i Ørsta kommune, og vert konsolidert inn i deira konsernrekneskap. Konsernrekneskapen er tilgjengeleg på www.tussa.no.

BRUK AV ESTIMAT

Utarbeiding av årsrekneskapen krev bruk av estimat og bruk av rekneskapsprinsippa til selskapet inneber at leiinga må bruke skjønn. Område som i stor grad inneheld slike skjønnsvurderingar, høg grad av kompleksitet eller område der føresetnader og estimat er vesentlege for årsrekneskapen, er skildra i notane.

VALUTA

Transaksjonar i utanlandsk valuta blir rekna om til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utanlandsk valuta blir rekna om til norske kroner ved at ein nyttar kursen på balansedagen. Ikkje-pengepostar som blir målte til historisk kurs uttrykt i utanlandsk valuta, blir rekna om til norske kroner ved å nytte valutakursen på transaksjonstidspunktet. Ikkje-pengepostar som blir målte til verkeleg verdi uttrykt i utanlandsk valuta, blir rekna om til valutakursen som blei fastsett på måletidspunktet. Valutakursendringar blir resultatførte kontinuerleg i rekneskapsperioden under andre finanspostar.

INNETEKTER

Inntektsføring ved sal av varer, herunder elektrisk kraft, skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsførte etter kvart som dei blir leverte.

Nærare om kjøp og sal av kraft:

Tussa Energi AS har ansvaret for forvaltning av eigenproduksjon i Tussa Energi AS og Sunnmøre Energi AS, samt fysisk og finansiell handel for eige selskap. I tillegg har selskapet fysiske kjøpskontraktar med lokale småkraftverk.

Sikring:

Tussa Energi AS har nytta finansielle kjøps- og salskontraktar mellom anna for å prissikre delar av kraftproduksjonen i 2021. Tap og gevinst på dei finansielle kontraktane er utrekna som differansen mellom kontraktpris og systempris. Realiserte tap/gevinstar på futureskontraktar er resultatført i leveringsperioden. Tussa Energi AS har i tillegg ei eiga portefølje med finansielle sals- og kjøpskontraktar som er inngått med utgangspunkt i å tene på prissvingingar, altså trading. Både realiserte og urealiserte tap og gevinstar knytt til tradingporteføljen er resultatført. Realisert gevinst og tap på terminkontraktane blir ført i leveringsperioden.

Elsertifikat:

Tussa Energi AS har fått godkjent elsertifikat basert på produksjon i fleire kraftverk. Inntekta frå elsertifikata er bokført på oppteningstidspunktet, dvs. produksjonsperioden. Opptent, ikkje fakturerte elsertifikat er verdsatt til marknadspris.

KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR

Anleggsmiddel omfattar eigedelar som er sette av til varig eige og bruk. Anleggsmidlar er vurderte til innkjøpskostnad, med fråtrekk for avskrivningar og nedskrivningar. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på transaksjonstidspunktet.

Varige driftsmiddel blir balanseførte og skrivne av over den økonomiske levetida deira. Vesentlege driftsmiddel som omfattar fleire større komponentar med ulik levetid, er dekomponerte med ulik avskrivningstid for dei ulike komponentane. Direkte vedlikehald av driftsmidlar blir kostnadsført



kontinuerleg under driftskostnader, medan påkostnader eller betringar blir lagde til kostprisen på driftsmidlane og avskrivne i takt med driftsmidlane. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til beløpet som kan vinnast att ved verdifall som er venta å ikkje vere forbigåande. Beløpet som kan vinnast att, er det høgste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av framtidige kontantstraumar som er knytte til egedelen. Nedskrivinga blir reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling seinast eitt år etter balansedagen, og postar som gjeld varekrinsløpet. Omløpsmidlar blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på transaksjonstidspunktet.

VASSMAGASIN

I samsvar med god rekneskapsskikk og etablert praksis i bransjen, er vassmagasinreservane ikkje balanseført.

FORSKING OG UTVIKLING

Utgifter til forskning og utvikling blir balanseført dersom ein kan identifisere ein framtidig økonomisk fordel knytt til utviklinga av ein identifiserbar immateriell eigedel, og innkjøpskostnaden kan målast på ein påliteleg måte. I motsett fall blir slike utgifter kostnadsførte kontinuerleg. Balanseført forskning og utvikling blir skrivne av lineært over økonomisk levetid.

VARER

Varer er vurderte til det lågaste av innkjøpskostnad og netto salsverdi. Netto salsverdi er estimert salspris ved ordinær drift etter frådrag for utrekna nødvendige utgifter for gjennomføring av salet. Innkjøpskostnad inkluderer utgifter som er komne til ved innkjøp av varene, og kostnader for å flytte varene til der dei er plasserte no. Denne kostnaden blir fordelt ved bruk av FIFO-prinsippet.

FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar blir førte opp til pålydande verdi etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. For andre kundefordringar blir det gjort ei uspesifisert avsetning for å dekkje forventta tap på krav.

PENSJONAR – YTINGSORDNING

Pensjonsforpliktingar som er finansierte over drifta (ytingsbaserte pensjonsordningar), blir vurderte til noverdien av dei framtidige pensjonsytningane som i rekneskopen blir rekna for å vere tente opp på balansedagen. Pensjonsmidlar blir vurderte til verkeleg verdi. Pensjonsordningar som er finansierte via sikra ordningar, er ikkje balanseførte. Pensjonspremien blir i desse tilfella rekna som pensjonskostnad og klassifisert saman med lønskostnader.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir rekna ut etter lineær opptening, basert på føresetnader om diskonteringsrente, framtidig regulering av løn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlar og føresetnader frå aktuar om dødelegheit, frivillig avgang osv. Ved estimatavvik blir det brukt ei korridorløyning. Estimataavvik som overstig 10 % av det høgste av forplikting og verdier, blir amortisert over gjennomsnittleg oppteningstid. Pensjonsmidlar er vurderte til verkeleg verdi og trekte frå i netto pensjonsforpliktingar i balansen.

Ved rekneskapsføring av pensjon er det lagt til grunn lineær oppteningsprofil og forventta sluttlønn som oppteningsgrunnlag.

PENSJONAR – INNSKOTSBASERT ORDNING

Kostnaden til innskotsbasert pensjonsordning samsvarar med premien til forsikringsselskapet i perioden.

OPPSTILLING AV KONTANTSTRAUM

Oppstillinga av kontantstraumen er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar.



SKATT

SKATT AV ALLMENN INNTEKT

Skattekostnaden i resultatregnskapen omfatter både skatten som skal betalast i perioden, og endring i utsett skatt. Utsett skatt er rekna ut med 22,00 % på grunnlag av dei mellombelse skilnadene mellom rekneskaps- og skatteverdiane, og underskotet ved utgangen av rekneskapsåret som kan framførast i likninga. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna og nettoførte. Netto utsett skattefordel blir balanseført dersom det er truleg at denne kan bli utnytta.

NATURRESSURSSKATT

For kraftverk med påstempla merkeyting på generator meir enn 9 999 kVA skal det svarast naturressurs-skatt. Naturressursskatten blir utrekna for det enkelte kraftverk, og utgjer 1,3 øre/kWh basert på gjennomsnittleg produksjon dei siste 7 åra. Naturressursskatten blir avrekna mot ordinær inntektsskatt til Staten.

GRUNNRENTESKATT

Betalbar grunnrenteskatt for kraftverk med netto positiv grunnrenteinntekt vert bokført som skattekostnad. Det gjer også endring i utsett skatt på grunnrente. Syner elles til skattenoten der det er laga til ein spesifikasjon av grunnrenteskatten i året.



NOTE 2 ANLEGGNOTE

	Bygninger og eigedommar	Kraftproduksjons- anlegg	Transp., inventar, utstyr	Sum varige driftsmidlar
Kostpris pr. 01.01.2021	163 337 322	1 351 407 863	16 965 636	1 531 710 821
Tilgang kjøpte driftsmidlar	5 276 471	14 616 032	2 057 166	21 949 669
Avgang selde driftsmidlar	0	0	-336 513	-336 513
Kostpris 31.12.2021	168 613 793	1 366 023 895	18 686 289	1 553 323 977
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2021	49 513 122	609 999 612	11 422 860	670 935 593
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.2021	6 205 656	30 962 003	1 057 716	38 225 375
Bokført verdi per 31.12.2021	112 895 015	725 062 281	6 205 713	844 163 009
Avskrivningar i år	4 601 598	36 808 670	1 370 334	42 780 602
Avskrivningstype	Ingen/lineær	Lineær	Lineær	
Økonomisk levetid	10 år - evig	25-50 år	3-8 år	

Per 31.12.2021 er det balanseført kr. 11 460 454 som anlegg under utføring. Anlegg under utføring vert aktivert og avskrive etter kvart som dei vert sett i drift.

NOTE 3 IMMATERIELLE EIGEDELAR

	Vassdragsrettar og anleggsbidrag	Programvare- lisensar	Sum
Kostpris pr. 01.01.2021	7 932 034	473 992	8 406 026
Tilgang kjøpte immatrielle eigedelar	4 389 240	0	4 389 240
Innkjøpskostnad 31.12.2021	12 321 274	473 992	12 795 266
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2021	156 074	471 492	627 566
Bokført verdi per 31.12.2021	12 165 200	2 500	12 167 700
Avskrivningar i år	50 796	62 861	113 657
Avskrivningstid	60 år - Evig	3-5 år	



NOTE 4 LØNSKOSTNADER OG YTINGAR, GODTGJERINGAR TIL DAGLEG LEIAR, STYRET OG REVISOR

Lønskostnader	2021	2020
Løn	15 097 551	14 545 923
Arbeidsgjevaravgift	2 761 045	2 583 643
Pensjonskostnader	1 397 026	1 530 844
Aktivert lønskostnad	-1 968 707	-6 784 864
Anna personalkostnad	2 600 936	1 769 051
Sum	19 887 851	13 644 598

Selskapet har i 2021 sysselsett 21 årsverk.

YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR

Direktør i Tussa Kraft AS er også direktør i Tussa Energi AS. Direktøren mottok løna si frå Tussa Kraft AS. Tussa Energi AS vert fakturert av Tussa Kraft AS for dette som ein del av administrasjonskostnadane.

Det vart i 2021 utbetalt kr 0 i styrehonorar.

REVISOR

Kostnadsført godtgjersle til revisor fordelar seg på følgende måte:

Tenestetype	2021
Lovpålagt revisjon	211 774
Andre tenester utanfor revisjonen	6 400
Totalt	218 174

NOTE 5 INNSKOTSPENSJON

Tussa Energi AS har innskotsplanar i samsvar med lov om innskuddspensjon. Innskotsplanen omfattar tilsette over 20 år og med stillingsstorleik over 20%. Sparinga utgjorde i 2021 6 % av løn mellom 0 og 7,1 G, og 15 % på løn mellom 7,1 og 12 G. Per 31.12.2021 var det 21 medlemmar i ordninga.

Kostnadsført innskot utgjorde NOK 1 397 026 og NOK 1 530 844 i høvesvis 2021 og 2020.

I tillegg er det avtale om supplerande pensjon for 3 tilsette i selskapet.



NOTE 6 YTINGSPENSJON

9 pensjonistar er dekte gjennom ytingspensjonsordning per 31.12.2021. Ordninga omfattar alderspensjon frå fylte 67 år som går livet ut. Pensjonsmidlane er vurderte til verkeleg verdi ved utgangen av året.

Pensjonsforpliktingane (netto noverdi av pensjonsyttinga som var tent opp på balansedagen, justert for framtidige lønsauker) er vurderte etter beste estimat basert på føresetnader på balansedagen. Dei aktuarielle utrekningane av pensjonsforpliktingane er gjorde av ein uavhengig aktuar.

Utrekning av pensjonskostnaden i år:	2021	2020
Netto rentekostnad	132 579	164 207
Administrasjonskostnader	90 131	90 141
Avkastning på pensjonsmidlar	-204 454	-362 408
Arbeidsgivaravgift	2 574	-15 236
Resultatført aktuarielt tap/(vinst)	276 365	662 660
Pensjonskostnad i år for ytingsbasert pensjonsordning	297 195	539 364

Pensjonsforplikting og pensjonsmidlar:	2021	2020
Brutto pensjonsforplikting	9 128 557	9 237 277
Verkeleg verdi på pensjonsmidlar	8 436 293	8 759 985
Netto pensjonsforplikting	-692 264	-477 292
Arbeidsgjevaravgift	-97 609	-67 298
Ikkje resultatført aktuarielt tap(vinst)	1 411 581	1 051 790
Estimatavvik AGA	199 033	148 302
Netto balanseført pensjonsmidlar, inkl. aga	820 741	655 502

Endring i forpliktinga:	2021	2020
Netto pensjonsforplikting 1.1.	9 237 277	9 515 413
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	132 579	164 207
Pensjonsutbetalingar	-797 308	-785 564
Aktuarielt tap/(gevinst)	556 008	343 221
Brutto pensjonsforplikting 31.12.	9 128 556	9 237 277

Ved utrekning av pensjonskostnaden og netto pensjonsforplikting er desse førsetnadene lagde til grunn:	2021	2020
Diskonteringsrente	1,90%	1,50%
Avkastning på pensjonsmidlar	3,10%	2,40%
Lønsvekst	2,75%	2,00%
Pensjonsregulering	2,50%	1,75%
G-regulering	2,50%	1,75%



NOTE 7 SALSINNTEKTER FORDELT PÅ VERKSEMDOMRÅDE

	Kraftproduksjon	Krafthandel	Internt kjøp/sal	SUM
Energisal Engros	220 611 972	29 662 514		250 274 486
Energisal Biovarme	6 238 426			6 238 426
Innmating av produksjon	328 442			328 442
Andre driftsinntekter	10 740 622	5 083 819	-3 816 000	12 008 441
Sum driftsinntekter	237 919 462	34 746 333	-3 816 000	268 849 795
Energikjøp/innmating/overf.kostn.	47 629 091	22 894 084		70 523 175
Personalkostnader	15 274 286	4 613 564		19 887 850
Avskrivningar/Nedskrivningar	42 831 398	62 861		42 894 259
Andre driftskostnader	63 953 683	6 558 790	-3 816 000	66 696 473
Sum driftskostnader	169 688 458	34 129 299	-3 816 000	200 001 757
Driftsresultat	68 231 004	617 034	0	68 848 038

Det vart i 2021 produsert 561,5 GWh i Tussa Energi AS sine kraftstasjonar. Selskapet eig 21 kraftverk. Normalproduksjonen ved utgangen av 2021 er 654,7 GWh. Faktisk produksjon i 2021 utgjør 86 % av normalproduksjonen.

NOTE 8 VARER

	2021	2020
Brensel Ørsta Eldhus	350 000	200 000
Sum netto varelager	350 000	200 000
Varekostnad totalt i perioden	3 395 604	4 631 837
Varekostnad		
	2021	2020
Innkjøp av råmateriale	3 527 243	4 443 617
Fremmedytelser og underentreprise	18 361	33 220
Endring i varelager	-150 000	155 000
Sum	3 395 604	4 631 837



NOTE 9 KUNDEFORDRINGAR

	2021	2020
Kundefordringar til pålydande	3 541 262	1 190 840
Avsetning til tap	0	0
Balansført verdi av kundefordringar 31.12	3 541 262	1 190 840
Endring i avsetning til tap	0	
Realiserte tap	0	0
Sum resultatførte tap på krav	0	0

Selskapet sel kraft på Nordpool-børsen med dagleg oppgjør. Anna ekstern fakturering er ubetydeleg, og det er difor ikkje gjort noko tapsavsetning.

NOTE 10 FORDRINGAR OG GJELD

	2021	2020
Fordringar med forfall seinare enn eitt år		
Andre kortsiktige fordringar	0	0
Andre langsiktige fordringar	15 955 648	13 157 878
Sum	15 955 648	13 157 878

	2021	2020
Langsiktig gjeld med forfall seinare enn om 5 år		
Gjeld til konsernselskap	200 000 000	200 000 000
Anna langsiktig gjeld	0	0
Sum	200 000 000	200 000 000

Tussa Energi AS har ikkje gjeld som er sikra med pant til kredittinstitusjonar.
Notoe 12 gjev informasjon om solidaransvar og garanti.

NOTE 11 BANKINNSKOT OG KASSAKREDITT

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr. 937 104.

Tussa Energi AS sin kassakreditt er knytt opp mot konsernet sitt fleirkontosystem.
Morselskapet Tussa Kraft AS er konsernkonto innehavar medan dotterselskapa er deltakarar i systemet.

Pr. 31.12.2021 trekkjer Tussa Energi AS 37,3 mill. kr i fleirkontosystemet.
Innvilga kreditt for konsernet er 100 mill. kr.
Nytta kassakreditt for konsernet pr. 31.12.2021 er 0,0 mill. nok.



NOTE 12 GARANTI- OG KAUSJONSANSVAR

Tussa Energi AS er saman med dei andre heileigde dotterselskapa i konsernet solidarisk ansvarleg for uteståande på kassakreditten i fleirkontosystemet med eit beløp på inntil MNOK 50.

Tussa Kraft AS stiller garanti for Tussa Energi AS i samband med opptak av valutalån pålydande 20 mill. euro. For dette betaler Tussa Energi AS ein provisjon til Tussa Kraft AS.

NOTE 13 MELLOMVÆRANDE MED SELSKAP I SAME KONSERN

	2021	2020
Fordringar		
Lån til føretak i same konsern	0	0
Kundefordringar innanfor konsern	1 548 168	189 219
Andre kortsiktige fordringar konsern	0	0
Sum	1 548 168	189 219
Gjeld		
Lån frå føretak i same konsern	200 000 000	200 000 000
Leverandørgjeld innanfor konsern	609 144	405 365
Anna kortsiktig gjeld konsern	49 009 400	106 569 826
Sum	249 618 545	306 975 191



NOTE 14 TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE PARTAR

Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 4, og mellomverande med konsernselskapa er omtalt i note 13.

Selskapet sine transaksjonar med nærstående partar:

	2021	2020
Sal av varer og tenester		
Varer		
- Konsernselskap	4 801	0
- Andre nærstående selskap	196 459	1 771 404
Tenester		
- Konsernselskap	8 456 207	7 527 711
- Andre nærstående selskap	741 224	695 627
Sum	9 398 691	9 994 742

	2021	2020
Kjøp av varer og tenester		
Varer		
- Konsernselskap	17 347 082	10 768 310
- Andre nærstående selskap	22 491 107	12 556 977
Tenester		
- Konsernselskap	14 779 070	16 629 366
- Andre nærstående selskap	5 210 636	3 496 416
Sum	59 827 895	43 451 069

NOTE 15 POSTAR SOM ER SLÅTT SAMAN I REKNESKAPEN

Anna finansinntekt	2021	2020
Verdiendring finansielle instrument	15 133 151	18 094 303
Anna renteinntekt	708 493	1 178 480
Anna finansinntekt (agio)	34 590 851	38 483 234
Sum finansinntekter	50 432 495	57 756 017

Anna finanskostnad	2021	2020
Verdiendring finansielle instrument	10 249 756	24 456 331
Annan rentekostnad	975 071	1 100 755
Annan finanskostnad (disagio)	25 458 165	50 652 040
Sum finanskostnader	36 682 992	76 209 126



NOTE 16 SKATT

	2021	2020
Skattekostnad dette året		
Resultatført skatt på ordinært resultat:		
Betalbar skatt alminneleg inntekt	14 186 686	0
Betalbar grunnrenteskatt	48 017 443	6 823 360
Betalbar naturressursskatt	5 387 109	5 363 124
Framføring av ubenyttta naturressursskatt til neste år	-5 387 109	-5 363 124
Endring i utsett skattefordel	1 114 950	-4 323 460
Endring utsett skatt grunnrente	-2 304 542	-68 139
Skattekostnad ordinært resultat og grunnrente	61 014 537	2 431 761
Skattepliktig inntekt:		
Ordinært resultat før skatt	74 438 779	-26 262 604
Permanente skilnader	-4 568 973	6 610 517
Endring i mellombelse skilnader	7 320 127	7 264 005
Avgjeve konsernbidrag	-5 000 000	0
Skattepliktig inntekt	72 189 934	-12 388 082
Skatt i balansen som skal betalast:		
Betalbar skatt på alminneleg inntekt	14 186 686	0
Redusert skatt som følgje av konsernbidrag	-1 100 000	0
Betalbar naturressursskatt	5 387 109	5 363 124
Naturressursskatt samordna med fellesskatt	-5 387 109	0
Naturressursskatt til gode frå i fjor	-5 363 124	0
Betalbar grunnrenteskatt	48 017 443	6 823 360
Sum skatt i balansen som skal betalast	55 741 005	12 186 484
Utrekning av effektiv skattesats:		
Resultat før skatt	74 438 779	-26 262 604
Skatt rekna av resultat før skatt	16 376 531	-5 777 773
Skatteeffekt av permanente skilnadar	-1 005 174	1 454 314
Betalbar grunnrenteskatt	48 017 443	6 823 360
Endring utsett grunnrenteskatt	-2 304 542	-68 139
Rente på framført naturressursskatt	-69 721	0
Sum skattekostnad	61 014 537	2 431 762
Effektiv skattesats	82,0 %	-9,3 %

Skatteeffekten av mellombelse skilnader som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av førebelse skilnader:

	2021	2020	Endring
Varige driftsmiddel	-45 957 584	-37 691 651	8 265 933
Vinst- og tapskonto	-3 130 188	-3 912 733	-782 545
Pensjonspremie/- forplikting	820 741	655 501	-165 240
Elsertifikat	8 413	10 392	1 979
Framførbart underskudd	0	-12 388 082	12 388 082
Sum ordinære skilnadar	-48 258 617	-53 326 572	19 708 208
Utsett skatt (-fordel) (22 %/ 22 %)	-10 616 896	-11 731 846	-1 114 950



NOTE 17 SPESIFIKASJON AV GRUNNRENTESKATT

Tussa og Åmela kraftverk må betale grunnrenteskatt basert på utrekna grunnrenteinntekt. Denne kjem fram på følgende måte:

	Kraftverk:	Tussa	Åmela	SUM
Grunnlag betalbar grunnrenteskatt 2021				
Inntekt kraftomsetning		114 783 403	55 550 591	170 333 994
Driftskostnader		15 231 147	9 422 116	
Skattemessige avskrivningar		6 432 283	4 044 625	
Eigedomsskatt		1 276 107	615 941	
Konsesjonsavgift		2 058 579	613 787	
Berekna selskapsskatt		19 752 763	8 987 907	
Sum kostnader		44 750 879	23 684 376	68 435 255
Resultat før friinntekt		70 032 524	31 866 215	101 898 739
Berekening friinntekt 2021				
Gjennomsnittleg skattemessig verdi		101 852 749	96 852 071	
Normrente		0,3 %	0,3 %	
Friinntekt		305 558	290 556	596 114
Grunnrenteinntekt 2021		69 726 966	31 575 659	101 302 625
Betalbar grunnrenteskatt (47,4 %)		33 050 582	14 966 862	48 017 445

Det vert også utrekna utsett grunnrenteskatt for Tussa Kraftverk og Åmela Kraftverk. Dei mellombelse skilnadane som ligg til grunn for denne utrekninga fordeler seg slik:

	2021	2020	Endring
Varige driftsmiddel Tussa Kraftverk	-4 163 767	-710 640	3 453 127
Gevinst- og tapskonto Tussa Kraftverk	-581 921	-727 400	-145 479
Varige driftsmiddel Åmela Kraftverk	-6 424 537	-3 315 689	3 108 848
Gevinst- og tapskonto Åmela Kraftverk	-716 041	-895 051	-179 010
Sum ordinære skilnadar	-11 886 266	-5 648 780	6 237 486
Utsatt selskapsskatt på grunnrenteskatt (22 %)	2 614 979	0	
Grunnlag utsett grunnrenteskatt	-9 271 287	-5 648 780	
Utsett grunnrenteskatt (fordel) (47,4 %/37,0 %)	-4 394 590	-2 090 049	2 304 542



NOTE 18 EIGENKAPITAL

	Aksjekapital	Annan eigenkapital	Sum egenkapital
Per. 31.12.2020	294 404 000	76 952 379	371 356 379
Per 01.01.2021	294 404 000	76 952 379	371 356 379
Årsresultat		13 424 242	13 424 242
Avgitt konsernbidrag		-3 900 000	-3 900 000
Per 31.12.2021	294 404 000	86 476 621	380 880 621

NOTE 19 AKSJONÆRAR

AKSJEKAPITALEN I TUSSA ENERGI AS PR. 31.12 ER SETT SAMAN AV:

	Totalt tal aksjar	Pålydande	Bokført
Ordinære aksjar	2 944 040	100,00	294 404 000

EIGAR

	Ordinære	Eigarandel	Stemmedel
Tussa Kraft AS	2 944 040	100,0	100,0
Totalt tal aksjar	2 944 040	100,0	100,0

NOTE 20 FINANSIELL MARKNADSRISIKO

Tussa Energi AS nyttar seg av ulike finansielle instrument i samband med styringa av finansiell risiko.

KRAFTHANDEL

Tussa Energi AS er utsett for prissisiko både i samband med kjøp og sal av elektrisk kraft. I kraftmarknaden vil prisar og kraftproduksjon variere mykje avhengig av mellom anna vêret og tilgangen på vatn i magasina. For å redusere risikoeksponeringa knytt til kjøp av kraft nyttar Tussa Energi AS ulike finansielle instrument, slik som futureskontrakter.

Tussa Energi har rammer for å nytte finansielle kontraktar mellom anna for å prissikre delar av underliggjande produksjon. Strategien for denne porteføljen er å ha finansielle salsposisjonar, for dermed å sikre prisen på ein nærare fastsett del av framtidig planlagt produksjon. Sikringsnivå, sikringsobjekt og sikringsinstrument vert vurdert i høve til produksjon og marknadssituasjonen. Resultatet frå sikringsbokføringa i 2021 vart eit tap på 65 mill. kr. Sikringsstrategien ved inngangen av året var at selskapet ved inngangen til førstkomande år skal sikre 30 % av normalproduksjonen. Realiserte tap/gevinster vert resultatført i leveringsperioden.

I 2021 har vi hatt ein situasjon med store skilnader mellom vår områdepris og systempris (sikringspris), og dette er også venta å vere situasjonen i 2022. Inntil vidare har vi difor slutta med prissikring mot systempris.

På grunn av det store avviket mellom områdepris og systempris, ser vi også at ein andel av eksisterande sikringsavtalar har svært lav sikringseffektivitet, og selskapet bokførte difor desse sikringsavtalane til virkelig verdi per 31.12.21. Det ga eit tap på 12 mill.kr i 2021

Tussa Energi har ei eiga portefølje med finansielle sals- og kjøpskontraktar som er inngått med utgangspunkt i å tene på prissvingingar, altså trading. Det er utarbeidd risikodokument som set rammer for den finansielle handelen og såleis set grenser for risikoeksponering. Tradingporteføljen er balanseført til verkeleg verdi, med endring over resultat. Verdien av posisjonar som ikkje er gått til levering har bokført gevinst på 3,2 mill. kr.

KREDITTRISIKO

Tussa Energi AS har kredittrisiko knytt til uteståande kundefordringar, men sidan det i hovudsak er interne kundar så vert denne risikoen vurdert til å vere svært låg.

VALUTARISIKO

Selskapet sin kraftproduksjon vert seld gjennom Nord Pool i prisområde NO3. Kraftprisen vert fastsett i EURO, men selskapet har valt NOK som oppgjersvaluta. Prisdanninga i den skandinaviske straummarknaden vert påverka av fleire valutaer, der EURO er ein av dei mest sentrale. Dette inneber at verdien av framtidig krafproduksjon vert påverka av framtidige valutakursar EURO/NOK. For å redusere verdiendringar i framtidig kraftproduksjon som skuldast endringar i valutakurs har selskapet delar av si finansiering i EURO.

Selskapet har 31.12.2021 eit valutalån på 20 mill. EURO med forfall 31.05.2022, som ved rekneskapsavlegging er forlenga til 31.05.2023. Lånet har kvartalsvise rentebetalingar. Det er også inngått ein rente og valutaswap pålydande 10 mill EURO med forfall 15.11.2027. Instrumentet har kvartalsvise kontantstraumar der selskapet betalar EURIBOR og mottar NIBOR rente.

Instrumenta som er omtalt ovanfor inngår ikkje i rekneskapsmessig sikring. Selskapet forventar at disse instrumenta vert erstatta av nye låneinstrument i EURO ved forfall.

Det blir ikkje gjort løpande vekslingar frå NOK til EURO ved kraftsalet, noko som medfører at det normalt må gjerast vekslingar på datoane for rentebetaling på lånet og kontantstrømmen på rente og valutaswapen.

LIKVIDITETSRISIKO



Finansieringa av selskapet er basert på bankfinansiering gjennom konsernet og valutalån frå ekstern långivar. Sjølv om selskapet tidvis gjennomfører større utbyggings- og vedlikehaldsprosjekt, så vurderer ein likviditetsrisikoen som låg. Sjå note 11 for informasjon om unytta trekkrett i konsernet.

RENTERISIKO

Selskapet har både kortsiktig og langsiktig finansiering gjennom morselskapet Tussa Kraft AS. Rentevilkår for Tussa Energi AS er knytt til rentevilkåra konsernet oppnår i marknaden.

Morselskapet har inngått rentesikringsavtalar (swappar) for å sikre seg mot resultatsvingingar som følgjer av endringar i rentenivået. Det er opphavleg inngått låneavtalar til flytande renter, og så er det i ettertid inngått rentesikringsavtalar som sikrar fast rente. For detaljar vert det vist til årsrekneskapen for Tussa Kraft AS. Sjå også avsnittet om valutarisiko over, der det står meir om rente/valuta-swap som er inngått. I tillegg har Tussa Energi både ein rente/valutaswap og eit valutalån som begge baserer seg på euro-rente.



Til generalforsamlinga i Tussa Energi AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert Tussa Energi AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

PricewaterhouseCoopers AS, Langelandsvegen 35, NO-6010 Ålesund
T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



Melding frå uavhengig revisor - Tussa Energi AS



Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Ålesund, 18. mars 2022
PricewaterhouseCoopers AS

Terje Honningsvåg
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

(2)



 Securely signed with Brevio

Revisjonsberetning

Signers:

Name	Method	Date
Honningsvåg, Terje	BANKID_MOBILE	2022-03-18 15:02

This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.